

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	28.03.2023
Vår referanse	2022/20953-7
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til søknad om mellombels fråvik frå manøvreringsreglement for Løkjelsvatn, dykkar ref.: 202305264

Bakgrunn

NVE har motteke søknad frå Sunnhordaland Kraftlag (SKL) der dei søkjer om mellombels løyve til å vike frå kravet til LRV for Løkjelsvatn i perioden 11. april – 23. juli 2023.

SKL ynskjer å tappa ned Løkjelsvatn for å slutføre anleggsarbeidet ved inntaket for Nye Løkjelsvatn kraftverk. Søknad med vedlegg inneheld fleire detaljar, og kan lastast ned frå saka si nettside: www.nve.no/9027/V.

Friluftsliv

Løkjelsvatn er kartlagd som eit svært viktig friluftsområde (Etnefjella), og det går ei registrert turrute langs vestsida av vatnet. Mellombels nedtapping kan likevel akseptast ut frå ei friluftslivsfagleg vurdering. Konsekvensane for friluftsliv vil vere mest indirekte og av "estetisk karakter", då ein endrar landskapsopplevinga ved vatnet for ein periode. God informasjon er viktig for å førebu turgåarar på at vatnet er nedtappa og kvifor.

Kulturminne

Ingen merknadar til denne søknaden.

Vassmiljø

Statsforvaltaren la i 2018 inn ei vurdering i vann-nett med dårleg status på fisk. Vi legg til grunn at Statsforvaltaren følgjer dette opp i sin uttale i denne saka.

Det står i søknaden at dei vil tappe ned så langt dei klarer under LRV. Dei må då ta omsyn til at fisken klarer seg viss det vert tørrlegging med avsnørte dammar som ikkje har samband med rennande vatn.

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonssjef
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

ETNE KOMMUNE

Sjoarvegen 2

5590

ETNE